

Rogaland Skognæringsforum inviterer til Politisk skogdag

Skogen; **grøn næring**
og klimavinner

- Verdiskaping
- Sjølvforsyning
- Sikkerheit
- Miljø

Onsdag 27. august 2025
Sørmarka, Stavanger



Rogaland
Skognæringsforum

Kva moglegheiter og ansvar har Rogaland for å bidra til **grøn næring** og klima?

Norsk politikk peikar på skogbruket i ei rekkje område som ei svært viktig brikke; slik som verdiskaping og næringsutvikling, klima og distrikt.

Det same er nedfelt i den siste Kystskogmeldinga frå 2022 vedtatt av fylkeskommunane. Grunnen er at skogproduksjon gir klimavennlege og fornybare råstoff.

Dessverre har det siste åra blitt lite handling.

Resultatet er at både verdiskapinga og karbonbindinga i skog er gått ned, altså stikk motsett av vedtatt norsk politikk. Og aller mest går karbonbindinga ned i Rogaland. Er det faktisk slik vi ønskjer å ha det?

Det er valår og vi spør oss kva politikarane tenkjer om Rogaland si satsing på skogbruket?

Har de i det heile tatt tenkt på skogen? Er de villige til å skapa dei endringar som er nødvendige for å sikre framtida?

Verdiskaping – sjølvforsyning – sikkerheit – miljø

Er vi bevisst fordelane ved å satse på skogen?

Rogaland har dobbelt så stort produksjonspotensiale påkvalitetsskog per dekar som landsgjennomsnittet. Kompetanse frå oljenæringa til skognæringa – **grøn næring**!

Rogaland Skognæringsforum si oppgåve er å styrkje og utvikle skog- og trenæringa i treets ulike verdikjeder. Vi er ein del av Kystskogbruket som er eit samarbeid mellom fylkeskommunane, statsforvaltarane og skog- og trenæringa frå Agder til Finnmark.



Statsforvaltaren
i Rogaland

Program

- 11.30 Lunsj/grillmat** med lokale råvarer og skogscaffi
- 12.00 Velkommen** v/Arne Bergsvåg, styreleiar Rogaland Skognæringsforum
- 12.05 Offisiell opning** v/Tormod W. Losnedal, ordføraren i Stavanger
- 12.15 Rogalandsskogbruket – moglegheiter, utfordringar og gode tiltak** v/Stein Bomo, fylkesskogmester hos Statsforvalteren i Rogaland
- 12.30 Aktiv bruk av skogen er vinn vinn for verdiskaping og klima** v/dagleg leiar Ole Bakke, Skognæringa Kyst SA – del av det unike trepartssamarbeidet kystskogbruket
- 12.45 Tiltak for å auke bruk av tre i byggjenæringa** v/Heidi Finstad, adm.dir. i Treindustrien
- 13.00 Spørsmålsrunde**
- 13.15 Grøne arbeidsplassar frå skogen i Rogaland** Presentasjon av spennande bedrifter i Rogaland
- 13.45 SKOGTING – politisk debatt med kandidatene til stortingsvalet** v/debattleiar Leif Tore Lindø
- 14.30 Duell med skarp reiskap.** Kven er mest treffsikre av debattantene?
- 14.50 Oppsummering og takk for i dag**
- 15.00 Slutt**

Påmeldingsfrist: 17. august

Sjå eigen link i eposten.

Det er lagt opp til at pressa deltar under arrangementet. Heile arrangementet føregår utandørs, så hugs å kle deg etter vermeldinga.

Følg merking frå
parkeringsplass til
skogdagsområdet

